



## Byglandsnytt nr.32 – april 2022

### Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

**Neste utgåve: 3. mai 2022** - Send tips om arrangement til innan 29.04. - Bygland kommune si heimeside: [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)

### Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord:** tlf. 37 93 47 00 - måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **Publikumsmottaket:** måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00 - 15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00 – 14.00

### PÅSKE på kommunehuset

- Sentralbord og publikumsmottaket held stengt i veke 15 (11.-18.04.)
- **NAV Rettleiingssenter i Bygland:** ingen drop-in skjærtorsdag 14.04.



## BYGLAND KOMMUNE ØNSKJER GOD PÅSKE

**Legeskontoret** tlf. 37 93 47 30 - **Legevakt** tlf. 116 117

**Bygland legekantor**

Sentrum 18, 4745 Bygland

**Byglandsfjord legekantor**

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

**OBS!** Siste dag på legekantor på Byglandsfjord er 29.04.

1 **Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

Frå og med 2. mai blir opningsdagane på **legekontoret på Bygland** endra til måndag, torsdag og fredag.

På tysdagane og onsdagane tek **Evje legekontor** over.

Opningstidene på Bygland blir publisert i løpet av april.

### Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

➔ **Biblioteket har ope på måndag og tysdag i påskeveka.**

### Politiske møte, sakspapir og protokollar

[www.bygland.kommune.no/innsyn](http://www.bygland.kommune.no/innsyn)

- **Formannskapet:** 26.04. kl. 13.00

### Kunngjeringar

Ingen kunngjeringar for tida.

### Ledige stillingar

- **Vernepleiar/sjukepleiar- vikariat** - Bygland Kommune, f.t Pleie- og omsorg.

**Søknadsfrist: 08.04.22**

Vi søker etter motivert og dyktig vernepleiar/ sjukepleiar til eit 70 % vikariat, i perioden 03.06.22 - 25.05.23.



Stillinga har for tida arbeidsstad ved avd. open omsorg/habilitering base sør på Byglandsfjord. Arbeidet er å yte tenester til brukarar i døgnbemanna bustad og heimebuande i kommunen.

Stillinga inneber arbeid i tredelt turnus med arbeid kvar 3. helg, og 3 nattevakter på 6 veker.

Ta kontakt med avdelingsleiar Kristina Ose tlf. 995 30 799 eller [kristina.ose@bygland.kommune.no](mailto:kristina.ose@bygland.kommune.no) for meir informasjon.

Vi gjer merksam på at faste tilsette i Bygland kommune kan ha fortrinnsrett.

- **Ferie-/sommarvikarar pleie og omsorg** Bygland Kommune, Pleie- og omsorg. **Søknadsfrist: 15.04.2022**

Bygland kommune treng ferievikarar til eining for Pleie og Omsorg sommaren 2022. Kjerneperioden er 20.6.22 - 14.8.22, men det vil vere mogleg å starte tidlegare for nokon, samt arbeide lengre for andre. Stillingsstorleiken vil variere ut frå våre behov, men for dei aller fleste vil han ligge mellom 60-100 %.

Vi søker flinke og pliktoppfyllande sommarvikarar til Byglandsheimen (sjukeheim), open omsorg (heimebaserte tenestar)/habilitering, samt innan kjøkken og heimehjelp (praktisk bistand).

Søklarar til **open omsorg** (heimebaserte tenester) må ha førarkort kl. B.

Søklarar til **heimehjelp** må ha førarkort kl. B og disponere eigen bil.

Det er viktig at du i søknaden oppgjev kva for periode du kan arbeide. Dei som kan jobbe heile sommarperioden vil bli prioritert.

Politiattest må leggjast fram ved tilsetting.

For ytterlegare informasjon, ta kontakt med: Fagsjukepleiar Marthe Homme på e-post: [marthe.homme@bygland.kommune.no](mailto:marthe.homme@bygland.kommune.no), tlf. 90 81 51 91

Sjuke-/vernepleiar-/legestudentar som er ferdige med studiane tidlegare enn kjerneperioden kan ta direkte kontakt med oss.

- **Pedagogisk leiar** - Bygland Kommune, f.t Bygland oppvekstsenter. **Søknadsfrist: 19.04.2022**

Då ein av våre dyktige medarbeidarar har fått andre oppgåver i kommunen, søker vi etter ein pedagogisk leiar som kan fylle denne rolla i ein periode. Stillinga er eit vikariat frå 01.08.2022 – 31.07.2023.

Barnehagen på Bygland ligg i sentrum av Bygland, med kort veg til fleire turområder. Barnehagen er ein del av Bygland oppvekstsenter, og har tett samarbeid med SFO for ein heilskapeleg og trygg oppvekst. På avdeling Lislestog er barna frå 0-3 år, og på avdeling Storestog er dei mellom 3 - 6 år. Alle tilsette skal med på utviklingsarbeid knytt til samansette vanskar i regi av RVTS. Saman jobbar vi for å skape ein trygg og utviklande kvardag for barna, der dei kan utfalde seg og vakse i leik og læring.

- **Støttekontakt/fritidskontakt**

Har du lyst til å jobbe som støttekontakt eller fritidskontakt?

Vi søker etter fritidskontakt/treningsvenn til ein vaksen mann tre timar i veka.

I tillegg har vi behov for støttekontakt til vaksen dame tre timar i veka.

Brukar sjølv ønskjer at det er ein kvinneleg støttekontakt.

Løn som assistent og utgiftsdekking. Den som blir tilsett må legge fram ny politiattest.

For meir informasjon kan du kontakte tenesteleiar Helse, Kjersti Plathe på tlf. 952 15 572.

*Send søknad til: Bygland kommune, Sentrum 18, 4747 Bygland eller på e-post til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)*

## **Flyktningar frå Ukraina**

### **Informasjon om mottak av flyktningar i Bygland**

IMDi har oppmoda Bygland kommune om å busette inntil 15 flyktningar frå Ukraina. Kommunestyret stadfesta talet på 15 i møte den 30.3.22



Bygland kommune har oppretta ei arbeidsgruppe som skal sjå på ulike moment i samband med mottak av flyktningar i Bygland. Dei hadde møte den. 30.3.22

I arbeidsgruppa sit:

- Ordførar (observatør)
- Kommunedirektør
- Tenesteleiar Helse
- Pedagogisk rådgjevar
- Tenesteleiar Bygland oppvekstsenter
- Tenesteleiar Drift og forvaltning
- Driftsleiar uteseksjonen
- Dagleg leiar Frivilligsentralen
- HTV

Arbeidsgruppa vil trekke inn andre etter behov. Dette kan vere i høve barnehage/skule, helsetenester eller frivillige.

Dei hadde møte 30.3. der dei såg på ulike tema:

- Aktuell bustader
- Kva må andre einingar tenke på i samband med at der kjem flyktningar (Oppvekst, helse, frivilligsentralen)
- Tolketenester
- Barnehage
- Integreringstiltak i grunnskolen
- Kultur- og ungdomstiltak
- Utgifter til den kommunale helsetenesta
- Omsorg for personar med rusproblem
- Støttekontakt
- Økonomi (stønadar og tilskot)
- Kva rettar flyktningar har

### Har du ledig husvære til ukrainske flyktningar?

Vi veit ikkje enno kven som vil kome til Bygland, men ein kan gå ut frå at det kjem flest kvinner. Ein kan også gå ut frå at det kjem barn, men ein veit ikkje kva alder desse vil ha. Det kan og kome eldre personar. Kommunen må difor planlegge ut i frå at der kjem personar i alle aldersgrupper.

Vi har fleire bustader, og fleire har kontakta oss med melding om at dei ønskjer å leige ut husvære til flyktningane.

Om du har ledig husvære, vil vi sette pris på om du sender ein e-post til: [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

Vi gjer merksam på at innmelding av bustad ikkje er forpliktande på nokon måte. Kommunen vil gjere ei fortløpande vurdering etter kvart som det blir klart kor mange flyktningar som kjem, og når dei kjem til kommunen.

### Helse

#### **KORONA:** Informasjon om korona og status på smittesituasjonen i Bygland

Informasjon rundt covid-19 og smittesituasjonen i Bygland finn du på kommunen si heimeside:

[bygland.kommune.no](http://bygland.kommune.no) Samleside om koronavirus



## Informasjon frå Folkehelseinstituttet om koronasertifikat

Reglane for gyldig koronasertifikat er komplekse. EU legg til dels føringar gjennom sitt lovverk, men land etablerer også ulike krav - særleg knytta til innanlands bruk.



Gjennom eit intervju i NRK sin Nyhetsmorgen 29.3.22 kunne ein få inntrykk av at oppfriskingsdose kun gir koronasertifikat for ein avgrensa periode, men det stemmer ikkje. EU sin regel er at det ikkje skal vere ei maksimumsgrense på gyldigheita til koronasertifikat etter oppfriskingsdosar. Enkelte land, som Estland, har likevel avgrensa gyldigheit etter oppfriskingsdose.

Informasjon om kva som gir koronasertifikat frå Noreg som kan bli brukt i EU/EØS (dvs QR-kode i kontrollside EU/EØS) og eventuell avgrensingar i gyldigheitstid, finn du på <https://www.fhi.no/om/koronasertifikat/>.

Merk at land kan ha krav som gjer at ein ikkje får innreise, sjølv om sertifikatet (sett med norske auge) er gyldig. Til dømes krev ein del land at det skal ha gått eit par veker frå siste vaksinedose før ein får lov til å passere grensa, for at ein skal ha fått effekt av vaksinen.

FHI sitt råd omkring koronasertifikat ved reise er som følgjer:

Sjekk at krava i landet du skal til (og eventuelt landa du mellomander i eller reiser gjennom) før du planlegg reisa, og hald deg oppdatert på krava fram mot avreise og undervegs på reisa. Oppdatert informasjon finn du på dei ulike landa sine nettsider, for EØS-landa er det tilgjengelege lenker <https://reopen.europa.eu/en>. Ein kan og laste ned UD sin app "Reiseklar".

Sjekk dine data i koronasertifikatet for å sjå om du innfrir krava (jf. punkt 2 i denne lenka: <https://www.helsenorge.no/koronasertifikat/om/#slik-finner-du-koronasertifikatet>)

## 50% rabatt på tannbehandling for 21- og 22-åringar

Stortinget har vedteke at 21- og 22-åringar frå 2022 skal få 50% rabatt på tannbehandling etter fylkeskommunale takstar.



Fylkeskommunane har fått i oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å etablere tilbodet så snart det let seg gjere.

## Kven bli omfatta av tilbodet?

Tilbodet gjeld personar som er fødte i 2000 og 2001, det vil sei personar som fyller 21 eller 22 år i 2022, og oppheld seg i Agder. Tilbodet gjeld ut kalenderåret ein fyller 22 år.

Desse kan få tilbod om naudsynt tannhelsetenester med 50% eigenbetaling, rekna av fylkeskommunale takstar, frå Tannhelsetenesta i Agder.

## Omfang av tilbodet

Omfanget av tannhelsetilbodet skal basere seg på ei individuell vurdering av den enkelte sitt behov. Naudsynt forebyggjning og behandling skal følgje den standard fylkeskommunen legg til grunn for naudsynt tannhelsehjelp til dei prioriterte gruppene etter lov om tannhelsetenesten og Helsedirektoratet sin rettleiar "God klinisk praksis i tannhelsetjenesten". Kosmetisk tannbehandling og sal gir ikkje rabatt.

21- og 22-åringar som har vore på ein privat eller offentleg tannklinikk i januar, februar eller mars 2022 og har betalt full pris, kan få refundert inntil halvparten av det som er betalt.

Skjema for refusjon er tilgjengeleg på <http://www.agderfk.no/tannhelse> og blir sendt digitalt til Tannhelsetjenesten i Agder.

Frå april vil rabatten bli trekt frå når du betalar på ein offentleg tannklinikk. Det blir ikkje dekt tannbehandling utført på privat tannklinikk etter 1. april.

## Spørsmål kan rettast til:

Svein Rasset, virksomhetsleder, Tannhelsetjenesten  
Mobil: 416 63 063. E-post: [svein.resset@agderfk.no](mailto:svein.resset@agderfk.no)

## Jodtablettar ved atomulykke

Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (DSA) får i desse dagar mange spørsmål om ein treng å ta jodtablettar som følgje av situasjonen i

Ukraina. Svaret frå DSA er at den store geografiske avstanden gjer det svært lite sannsynleg at det vil bli nødvendig å ta jodtablettar i Noreg.

I Bygland kommune er det jodtabletter til alle under 18 år, gravide og ammande. Dei er lagra på kommunehuset og det er utarbeidd rutinar for utdeling av tablettar på Bygland oppvekstsenter, Byglandsfjord oppvekstsenter, KVS og på legekontolet på Bygland.



Andre mellom 18 og 40 år vert tilrådd å sjølv skaffe tabletter.

***Jodtablettar skal berre takast etter råd frå myndigheitene. I tilfelle ei atomulykke, vil råd bli gitt gjennom media, relevante myndigheiter og på [dsa.no](http://dsa.no).***

***Bygland kommune vil følgje den gjeldande rutinen for utdeling av jodtablettar om det skulle bli naudsynt.***

## **Økonomi og Næring**

### **Pågang næringshage**

Pågang næringshage er no godt i gang med å bistå verksemdar i Setesdal. Dei har mellom anna gitt hjelp til 2 verksemdar til å få støtte til ulike forskingsprosjekt.



Info om Pågang næringshage:

- Pågang næringshage er ein del av SIVA sitt Næringshageprogram, som ein tilretteleggar for næringsvekst i distrikta
- Pågang kan som ein del av næringshageprogrammet tilby sine målbedrifter sertifiserte tenester til subsidierte prisar
- Pågang hjelper nyetableringar og bedrifter med lengre fartstid. Målet er å skape vekst og utvikling på bedrifta sine premiss

Dei som har spørsmål kan ta kontakt med forretningsutviklar i Pågang Næringshage, Kristoffer A. Lyngvi-Østerhus, på tlf. 46465879 eller e-post [kristoffer@pagang.no](mailto:kristoffer@pagang.no)

Pågang finn du og på Instagram og Facebook. Heimesida: [pagang.no](http://pagang.no).

## **Drift og Forvaltning**

### **Bygland kommune som Miljøfyrtårn**

Vi har starta prosessen med å bli sertifisert som Miljøfyrtårn. I første omgang er det kommunehuset som skal bli sertifisert. Deretter vil dei andre einingane starte på prosessen med å bli miljøsertifisert.



### **Kva er miljøfyrtårn?**

Miljøfyrtårn er eit miljøleingssystem for offentlege og private verksemdar som ønskjer å dokumentere miljøinnsatsen sin. Ordninga har



som mål å heve miljøprestasjonen i små, mellomstore og offentlege verksemdar. Verksemdar som oppfyller definerte vilkår, kan bli sertifisert som miljøfyrtårn.

Miljøfyrtårn er eit kjent og effektivt verktøy for sertifisering og miljøleing. Det er det sertifikatet som er mest brukt av verksemdar som vil dokumentere sin miljøinnsats og vise samfunnsansvar.

Vi går inn på dette for å vise at vi tar grep og omset idear om miljø og berekraft til praktisk handling. Eit miljøsertifikat krev at prosjektet arbeider strukturert med miljøomsyn.

### Kven arbeider med dette?

Prosjektleiar: Even Simensen

**Styringsgruppe:** Rune Larsson, Fredrik Langfeldt og Jorunn Sørli Tveiten.

Målet med arbeidet er at kommunehuset har blitt sertifisert som Miljøfyrtårn innan 24.6.22.

### Akselrestriksjonar

Siden onsdag 23.03.22 kl. 08:00 ble det med heimel i Veglova §7 innført aksellastrestriksjonar på alle kommunale vegar tilhøyrande Bygland kommune på grunn av teleløyisinga.



Tillatt akseltrykk i denne perioden er 6 tonn.

Veg til Vassendøya, - Nesmoen industriområde, - veg til Varmesentralen på Bygland og veg frå Rv. 9 via Stasjonsområde til Senumsvegen, på Byglandsfjord, er unnateke ordninga.

Generell dispensasjon gjeld for:

- Rutegående persontransport
- Mjølketankbil
- Slaktebil og bil for nødslakt
- Renovasjonsbil
- Bergingsbil

- Septiktankbil

Opplysningar elles er å finne i veglista frå Statens vegvesen.

Restriksjonane gjeld til dei vert oppheva v / melding på Bygland kommune si heimeside / facebookside.

Førespurnader om dispensasjonar rettes til Bygland kommune, Drift og Forvaltning, tlf 37934756, ev. 94532945

## **Tilskot til miljøtiltak i skog 2022**

Landbruksdirektoratet har sett av 6 millionar kroner til miljøtiltak i skogbruket

Det kan gis tilskott til skjøtselstiltak av:



- Nøkkelibiotopar
- Friluftslivstiltak og synleggjering av kulturminner.
- Fjerning av frøformerte planter av utanlandske treslag utanfor produksjonsbestand av slike treslag.

Bevaring av:

- Skogeigerar som tek vare på nøkkelibiotopar i større omfang. Kan etter søknad inngå fleirårige kontraktar om bevaring av nøkkelibiotopar. Tilskott kan òg gjevast til å ta vare på områder rundt rovfuglreir og spillområde for tiurleik.
- Dekking av meirkostnader for å unngå vegbygging som vil redusere «villmarksprega områder».

Meir informasjon om søknadsprosessen finn du på kommunen si heimeside. De kan òg ta kontakt med skogbrukssjefen, Inge Olav Fjalestad, på tlf. 37 93 53 51 eller e-post [inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no](mailto:inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no)

## **Oppdatert: Arrangement Prestneset 2022?**

Har nokon planar om, eller ynskjer om å bruke Prestneset til arrangement sommaren 2022?



## Oversikt over arrangement

Følgjande tidspunkt er no opptatt. Det er med andre ord moglegheiter for fleire arrangement sommaren 2022!

Dato	Arrangement
24. - 26. juni	Areala rundt gamle Prestegarden, booka av Bjoren brygge
22. - 31. juli	Området er booka av Bygland luftsportsklubb (Gamaveka Extreme)
5. - 7. august	Området er booka av Bjoren brygge
3. september	Området er booka av Bygland husflidslag (Lislefarmen)

## Kultur

### Tilskot til drift av lag og organisasjonar

Dersom du driv kulturverksemd i form av ein organisasjon, eit lag eller liknande i Bygland kommune kan du no søkje om midlar til drift.



Bygland kommune deler ut driftstilskot ei gong i året, og søknadsfristen for i år er 1 Mai 2020. Søknadane skal handsamast politisk.

For å sjå nærmare på retningslinane til tilskotet kan du gå inn på [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no) og vidare inn på Tilskotsordningar.

Søknadsskjema kan du sende elektronisk. Du finn det på heimesida under Skjema A-Å: Kulturmidlar-søknad.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med Kulturleiar Anne Fauske, e-post: [anne.fauske@bygland.kommune.no](mailto:anne.fauske@bygland.kommune.no), tlf: 945 10 770.

### Kulturprisen 2022

Bygland kommune deler ut kulturpris annankvart år. Vi ønskjer skriftlege framlegg til kven som skal få kulturprisen for 2022

Prisen går til enkeltpersonar eller lag/foreining som på ein særskilt måte har gjort ein innsats for kulturlivet i Bygland. Send ditt framlegg i lukka konvolutt som du merkar med *"KULTURPRISEN" til Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland* innan **11. april 2022**



Framlegga skal handsamast politisk, og ein legg opp til utdeling ved passeleg høve.

## Honorarfond til folkemusikk

Føremålet med honorarfondet er å gjere folkemusikken i Setesdal kjent og høyrte, og å stimulere til aktivitet blant folkemusikkutøvarar, ikkje minst dei unge



Fondet kan dekke delar av honoraret når ein arrangør bruker folkemusikarar med lokal tilknytning til arrangement i Bygland, Valle og Bykle kommunar. Dersom det er unge utøvarar, kan fondet dekke heile honoraret. Det er Valle sparebank, Valle, Bykle og Bygland kommunar som finansierer fondet, og Setesdal spelemannslag administrerer det.

## Kven kan søke om tilskot?

Alle arrangørar - lag, foreiningar, bedrifter eller privatpersonar - med tilskipingar i Bygland, Valle og Bykle kommunar, kan søkje om tilskot frå fondet. Ordninga gjeld ikkje for offentlege institusjonar. Honorarfondet kan støtte arrangement av dei fleste slag, anten det dreier seg om kulturinnslag, veg konferansar, bedriftssamlingar, representasjonsoppdrag, opningsfestar, jubileum, "runde dagar", private tilskipingar eller anna.

## Retningslinjer for tildeling

Setesdal spelemannslag administrerer fondet, og definerer kva for utøvarar som kjem inn under ordninga. Det er utarbeidd rettleiande honorarsatsar for ulike typar utøvarar. For unge utøvarar dekker fondet heile honoraret inntil kr 2 500. For tilskipingar med andre utøvarar må arrangøren dekke ein eigendel på 1/3 av total honorar, medan fondet dekker resten, avgrensa til 15 000 kr.

## Søknad om tildeling

Søknad om tilskot frå fondet skal sendast til Honorarfond til folkemusikk. Skriv ein enkel søknad som inneheld opplysningar om arrangør, type arrangement, stad/tid, utøvar(ar) og avtalt honorar. Søknader blir handsama fortløpande, og tildeling skjer dersom søknaden tilfredsstillar retningslinjene, og så lenge det er midlar på fondet.

## Oppvekst

### Tverrfagleg ressursteam

Bygland kommune startar no opp noko vi har kalla Tverrfagleg ressursteam. Dette er eit team som består av representantar



frå fleire faginstansar innan oppvekst. Det skal vere ein stad der føresette og/eller lærarar i skule og barnehage kan drøfte bekymring for eit barn.

Formålet med teamet er å sikre kvalitet i arbeidet med det psykososiale arbeidet i skule og barnehage ved å utnytte den samla faglege kunnskapen i kommunen best mogleg. Det kan ofte vere vanskeleg å stå aleine med ein bekymring, og i Tverrfagleg ressursteam kan ein få hjelp til å sjå saka gjennom ulike «fagbriller» og kome fram til avhjelpande tiltak.

Teamet har taushetsplikt, og kan ikkje drøfte ei bekymring utan samtykke frå føresette. Teamet skal bestå av:

- Helsesjukepleiar
- Ein repr. frå PPT
- Ein repr. frå Barnevern
- Sosiallærer
- Spes.ped koordinator
- Pedagogisk rådgjevar
- Tenesteleiar/assisterande tenesteleiar

Ressursteamet skal ha faste møter to gonger i månaden på Bygland og Byglandsfjord. Det er ein del av arbeidet med Oppvekstreformen der fokuset er å bygge laget rundt barnet.

Som føresett kan du melde bekymring til pedagogisk rådgjevar Ann Cecilie Andersen på tlf. 482 14 913.

### **Bygdekveld med folkemusikk og folkedans i Bykle, Valle og Bygland**



Grunnskulen i Bygland saman med Agder fylkeskommune inviterte til ein fantastisk bygdekveld med folkemusikk og folkedans i Bykle, Valle og Bygland tysdag 29.03.

Elevane var både strålande og flinke! Heile Bygland er stolte av dei flotte ungane me har.

Tusen takk til musikarane og artistane som gjorde denne framsyninga mogleg: Vegar Vrådal, Kirsten Bråten Berg, Tone Ingvaldsen, Ådne Kolbjørnshus, Birger Misteregg, Unni Løvlid, Viktor Bomstad og Henrik Sandstad. ✨ Tusen takk òg til lærarane som hjelpste elevane med å førebu seg til festkvelden! ✨

**VEKE 15: PÅSKEFERIE (11.-18. april)**  
**God påske til alle elevar og ansatte!**



### Kyrkjene i Bygland

**Kyrjekontoret i Bygland**  
Bygland Kyrkjelege Fellesråd  
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

#### **Kontakt**


Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472  
Kyrkjevevjerje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelson: 977 19 173



### **Gudstenester (med atterhald)**

- søndag 10.04. kl. 12.00, Friluftsgudsteneste, Hovatn ved Åraksbø
- fredag 15.04. kl. 11.00, Langfredagsgudsteneste, Årdals kyrkje, Grendi
- søndag 17.04. kl. 16.00, Høgtidsgudsteneste, Bygland kyrkje
- søndag 24.04. kl. 18.00, Gudsteneste, Årdals kyrkje, Grendi



### **Andakt på Byglandsheimen**

- tysdag 05.04. kl. 14.00, Byglandsheimen

### **Bygland Frivilligsentral**

**KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,**  
Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:  
post@bygland.frivilligsentral.no  
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



## Opne aktiviteter:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)** bl.a. med mykje vinterutstyr, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Besøksven** for eldre – **Her treng vi fleire vener! Ta gjerne kontakt med oss på: [frivillig.no/bygland-frivilligsentral](http://frivillig.no/bygland-frivilligsentral)**

## Andre aktivitetane (ikkje påskedagar):

- **Seniorsenter:** kvar måndag kl. 11.00 – 14.30, Pakkhuset på Byglandsfjord
- **MiniKRIK:** annakvar måndag kl. 17.00 – 18.00 ( **neste 04.04.** )
- **Valfag Innsats for andre - samarbeid med Bygland Oppvekstsenter:**  
Kvar tysdag kl. 12.00-13.30, ikkje i ferien. Oppdrag kan meldes inn på sms til 945 10 700. Der skriv du adresse og kva oppdraget er.
- **Bingo:** annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral ( **neste 12. og 26.04.** )
- **Bygdemiddag:** annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, Bygland frivilligsentral ( **neste 05. og 19.04.** )
- **Open dag i salen – Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-15.00
- **Kunstnarverkstad 4.-7. klasse:** kvar onsdag kl. 15.00-16.30, Bygland frivilligsentral
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen
- **Strikkekafé:** 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral ( **neste 07. og 21.04.** )
- **Laurdagsklubb:** ein gang per månad kl. 18.00-21.00. 5.-10.klasse, Årdalshallen ( **neste 23.04.** )
- **Kulturmåltid (tidligere Tysdagskafé):**  
annakvar torsdag kl. 11.00, blir det kulturmåltid på Stoga. Kom for å ete nista di eller kaup ein kopp kaffi medan du tar til deg kulturell næring ( **neste 28.04.** )



**Sykkelturen 2022 – på Bygland 8. august**  
Norges Frivilligsentralar inviterer i samarbeid med ei rekke andre organisasjonar til ein sykkelstur gjennom heile landet





Saman skal vi sykle, for å skape gode og inkluderende lokalsamfunn.

Hovudmålet med sykkelturen er å sette lys på meirverdien av å føle seg til nytte i samfunnet, og oppleve gode relasjonar i kvardagen. Turen går frå Nordkapp til Arendal, under Arendalsveka, frå 21. mai til 15. august 2022. Dag-Otto Lauritzen er ein av våre stolte ambassadørar.

Sykkelturen er delt opp i fleire deletappar, og kvart fylke har fått 7 etappar. Ein av etappane går frå Bygland til Evje og Hornnes langs riksveg 9, og er den einaste etappen i Setesdal!

Vi ønskjer at dette skal bli ein festdag langs riksveg 9 til Evje, og vi samarbeider med Evje og Hornnes Frivilligsentral for å dette til. Norges Frivilligsentralar kjem med 6 rickshawsyklar som vi kan bruke på denne etappen. I tillegg har kommunane 4 rickshawsyklar sjølve.

Etappa vår går den **8. august**. Med stor oppslutning og god pressedekning vil 8. august bli ein dag for å få vist fram ikkje berre den flotte naturen langs riksveg 9, men også eit mangfald av aktivitetar på tvers av generasjonar, kulturar og samfunnslag. Engasjement frå både born, unge, eldre, privatpersonar, lag og foreiningar blir tatt godt i mot. Til no har vi om lag 17 ulike organisasjonar som har meldt seg på med ulike aktivitetar langs ruta. Ruta vil blir delt inn i etappar, og det vil vere noko som skjer i kvar grend frå Bygland til Evje.

Vi treng frivillige til å vere pilotar på rickshaw-syklane, og nokre til å sitte på. Det kan gjerne vere born, unge eller eldre som av ulike grunnar elles ikkje får moglegheit til å vere i aktivitet. Ikkje berre det, vi vil også ha med andre som vil sykle med oss denne dagen. Du kan nytte elsykkel eller vanleg sykkel. Vi har fleire elsyklar til utlån denne dagen, dersom du ikkje har sjølv! Ein kan vere med å sykle ein etappe eller fleire, det vel du sjølv. Ein treng ikkje vere spesielt sprek for å vere med, dette blir ein kosetur for turen si skuld.

### **Har du lyst til å vere med i eit etappeteam?**

Vi treng også nokre som vil vere med i eit såkalla etappeteam. Dette teamet vil samarbeide overordna knytt til førebuing til arrangementet, og ha ei ledande rolle på etappedagen. Det gjeld ansvar for mat og drikke, for spesille ting når det gjeld syklistane, for sikkerheit osv.

Dersom DU vil vere ein del av denne store dagen kan du melde di interesse på: [frivillig.no/bygland-frivilligsentral/bli-med-pa-sykkelturen-2022-og-loft-frivilligheten-fra-bygland-til-evje](https://frivillig.no/bygland-frivilligsentral/bli-med-pa-sykkelturen-2022-og-loft-frivilligheten-fra-bygland-til-evje) . Her finn du alle



oppgåvane vi treng folk til, anten det er som sykkelførar, heiajeng, passasjer eller anna.

Trivst du meir med ein telefon eller sms, kan du sende det til dagleg leiar Bygland Frivilligsentral ved Anne Fauske tlf. 945 10 770.

### Vil du har meir informasjon?

Vil du finne ut meir om etappane, kva som skal skje eller anna kan du kikke her: Norges Frivilligsentraler ([sykkelturen2022.no](http://sykkelturen2022.no))

### Bygland ungdomsklubb

(ikkje i skuleferien)

**MÅN:** 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

**MÅN:** 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

**ONS:** 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)  
(6. og 7. klasse kan halde fram til neste skuleår)



med dato: **FRE:** 18.00 - 21.00, 5. - 7. kl. (Årdalshallen) – **neste 08.04.**

med dato: **LAU:** 19.00 - 23.00, 8. kl. -VGS (Byglandshallen) – **neste 09.04.**

### Tømekalender for Bygland kommune – april 2022

*Matavfall og restavfall:* veke 14: torsdag 07.04.

*Papir og plast:* veke 16: tysdag 19.04.

*Matavfall og glass/metall:* veke 16: torsdag 21.04.

**Nesmoen** Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (13.04.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (23.04.)

**Syrteit:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (09.04.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no) heimeside: [www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no), tlf.: 37 93 17 00

### Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 32:

*Bilete: Framside: Longerak. Bilde av Geir Daasvatn. Innhald (m. m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt, Inge Olav Fjalestad, pixabay.com, Marit S. Kvaale, Anne Fauske, Olav Grendstad, BUA Bygland. Red.notat og Kva skjer: S.*

*Hegenscheidt. Takk til alle fotografane!*

*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Mari Rygg.*

*Byglandsnytt mai kjem: 02.05., skrivefrist 28.04.*



## **KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE**

**Bygdekinoen: onsdag 20.04. kl. 17.30 og kl. 19.30**

### **kl. 17.30: Sonic The Hedgehog 2**

#### **Omtale**

Det blå piggsvinet er tilbake på eit nytt eventyr! Sonic har slått seg ned i Green Hills og ivrar etter å vise at han har det som trengst for å vere ein ekte heilt. Sjansen byr seg når Dr. Robotnik dukkar opp igjen med den nye partnaren sin, Knuckles, i jakta på ein smaragd med krefter som kan øydelegga sivilisasjon. Sonic får sin eigen medspelar i Tails, og saman legg dei ut på ei verdsomspennande reise for å finna edelsteinen før den hamnar i feil hender.

**Billettpris:** 100 kroner

#### **Filmfakta**

Regi: Jeff Fowler. Språk: norsk. Produksjonsår: 2021

Skodespelarar: James Marsden, Jim Carrey, Ben Schwartz, Tika Sumpter, Natasha Rothwell, Adam Pally, Shemar Moore, Idris Elba og Colleen O'Shaughnessey. Sjanger: Animasjon. Lengde: 2t. 2min. Alder: 9 år.



### **kl. 19.30: Fabeldyr: Humlesnurrs hemmeligheter**

#### **Omtale**

"Fabeldyr: Humlesnurrs hemmeligheter" er det nyaste eventyret i J.K. Rowlings magiske Wizarding World! Professor Albus Humlesnurr veit at den mektige trollmannen Gellert Grindelwald førebur seg på å ta kontroll over trollmannsverda. Utan moglegheit til å stoppa han åleine, må han stola på at magizooologen Salamander Fisle og teamet hans av trollmenn, hekser og ein modig gompebakar vil klara eit farleg oppdrag. Der vil dei møte både gamle og nye fabeldyr, og gå til kamp mot Grindelwalds veksande tilhengarskare. Men kor lenge kan eigentleg Humlesnurr venta i kulissene når det står så mykje på spel?

**Billettpris:** 120 kroner

#### **Filmfakta**

Regi: David Yates. Språk: engelsk. Produksjonsår: 2022. Skodespelarar: Eddie Redmayne, Jude Law, Mads Mikkelsen, Ezra Miller, Alison Sudol, Dan Fogler, Callum Turner, Jessica Williams. Lengde: 2t. 22min. Alder: 12 år.



## Bygland Filmklubb: søndag 3. april – Tema: Peter Sellers



kl. 18.00

Den rosa  
panteren slår  
til igjen (1976)

Alder: 12 år

kl. 20.00

Høyt skum i  
Hollywood  
(1969)

Alder: 12 år



## Ymse

### Hugs bandtvang 1. april - 20. august.

Bandtvang er viktig for å hindre skade på beitedyr og vilt, såsom viltets egg, reir og bo. Vis respekt for dyr som lev og beitar i skogen.



### Stoga: Næringslunsj fredag 1. april kl. 11.00.

Ein uformell og sosial lunsj for alle som driv med næring, som sjølvstendig, som eigar, administrativt, politisk, eller er interessert i å være en del av næringsutviklinga i Bygland kommune. Initiativtakarar: O. Skeie, R. Sordal, R. Granheim, B. Simonstad, O. Grendstad.



### Bygland Bygdekvinnelag: Påskemøte 4. april

kl 19.00 på Frivilligsentralen på Bygland. Vi lager påskepynt med Erna Norland og tar oss ein liten quiz.



## Fasteaksjonen 2022 av Kirkens nødhjelp: HÅP I EIN DRÅPE VATN 💧



Bøssebærarane går rundt i heile kommunen **måndag 4. april frå og med kl. 17.00**. Du kan stø fasteaksjon med kontanter, eller Vipps på nr. 2426 eller SMS: vann til nr. 2426 (250 kr.)



## KVA SKJER I BYGLAND?

**April 2022**

(med atterhald om endringar)

**GOD  
PÅSKE**

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
fredag 01.04.	Næring i Bygland	11.00	Næringslunsj på Stoga kafé
sundag 03.04.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	18.00	Den rosa panteren slår til igjen (12 år)
		20.00	Høyt skum I Hollywood (12år)
måndag 04.04.	Kirkens Nødhjelp, heile kommunen	17.00 – kveld	Fasteaksjonen 2022: Håp i ein dråpe vatn
	Bygdekvinnelag, frivilligsentral	Kl. 19.00	Påskemøte med lagning av pynt og quiz
tysdag 05.04.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
	Bygland frivilligsentral	16.30	Bygdemiddag
	EIKA.forsikring, Evjemoen kino&scene	19.00	Temakveld: Jakt og forsikring
sundag 10.04.	Hovatn ved Åraksbø	12.00	Friluftsgudsteneste,
fredag 15.04	Årdals kyrkje, Grendi	11.00	<b>Langfredagsgudsteneste</b>
sundag 17.04	Bygland kyrkje	16.00	<b>Høgtidsgudsteneste</b>
tysdag 19.04.	Bygland frivilligsentral	16.30	Bygdemiddag
onsdag 20.03.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Sonic The Hedgehog 2 (9 år)
		19.30	Fabeldyr: Humlesnurrs hemmeligheter (12 år)
laurdag 23.04.	Årdalshallen	18.00-21.00	Laurdagsklubb 5.-10. klasse
sundag 24.04.	Årdal kyrkje, Grendi	18.00	Gudsteneste

- **Bygland Ungdomsklubb:** sjå s. 17
- **Familiebading:** tysdagar og fredagar kl. 17.00 – 20.00 fram til påske
- Arrangement i regi av **Bygland frivilligsentral**, sjå s. 15